

# Arbeidsgruppe i vitenskapsteori og forskningsmetode

Undergruppe i Pilotprosjekt for samordning av studieplaner for BSV-utdanningane HVL 2018

## Medlemer i arbeidsgruppa:

Knut Magne Aanestad, Lillian Bruland Selseng og Tone Jørgensen, Sogndal

Ragnhild Ihle, Ingunn Barmen Tysnes og Anne Mette Magnussen, Bergen

## Tidsramme:

13.11.17 til 31.1.18

## Målsetning:

Lage framlegg om korleis vitenskapsteori og metode kan være eit gjennomgåande tema i studieprogresjonen, og korleis vi kan utnytte ressursane på tvers av studieretningar og campus.

## Mandat:

- Greie ut korleis situasjonen er per i dag
- Følgje opp NOKUT-rapporten
- Sjå på nivået på vitenskapsteorien og metoden fram mot ev. master
- Sikre at vitenskapsteorien og metoden kjem som gjennomgåande tema i studieprogresjonen fram mot bacheloroppgåva
- Sikre at vi under revisjon løfter fram vitenskapsteorien og metode
- Involvere studentane i forskning

## Møter:

- 8. desember, Skype
- 8. januar Fysisk møte i Sogndal
- 24. januar Skype-møte

## 1. Situasjonen pr. i dag

## PROGRESJON OG FORDELING AV VITENSKAPSTEORI OG METODE I STUDIANE PR. I DAG

	BSV SOGNDAL	Barnevern SOGNDAL	Vernepleie SOGNDAL	Vernepleie BERGEN	Sosionom BERGEN
1	<p>SOS5-106: 30 stp</p> <p>FELLES for SOSIONOM, BARNEVERN OG VERNEPLEIE:</p> <p>Forelesning i vitenskapsteori 3 t: Om forskning vs hverdagskunnskap. Betingelser for kunnskap. Kunnskapsformer. Kunnskapsbasert praksis (KBP).</p> <p>Forelesning i metode 3 t: Forskjellen på kvalitativ og kvantitativ. Forskningsprosessen. Intervju og observasjon. Feilkilder. Undersøkelseeffekt.</p> <p>Litteratursøk: Forelesning 1 t Undervisning i oppgaveskriving 10 t.</p>	<p>BVP5-105 30 stp</p> <p>← I tillegg til det som er felles med SOS og BVP:</p> <p><b>Metode:</b> Forelesning 2 t om individuelle intervju og fokusgruppeintervju. 1 t gruppearbeid/øvingsoppgave</p>	<p>VPL5-106</p> <p>← I tillegg til det som er felles med VPI og BVP: 8 t. <b>skrivekurs</b></p>	<p><u>Bvp 130:</u> 15 stp Forelesning i metode og oppgaveskriving 3t Forelesning i prosjektarbeid 3t Skrivekurs: Fokus å stimulere skriving 3 d Eksamen: Prosjektarbeid i gruppe <u>Bvp 120:</u> Forelesninger i vitenskapsteori som innledning til psykologi og pedagogikk (3t+ 3t) Eksamen: Skriftlig skoleeksamen <u>Bvp 112:</u> Forelesning om observasjon som metode Forelesning: Introduksjon til kunnskapsbasert praksis (KBP) Prøveform: Tilstedeværelse/obligatoriske arbeidskrav</p>	<p><u>BSO102</u> Forelesning om oppgaveskriving (3.t) Forelesning om feltarbeid (3.t) Forelesning om intervju (1.t) Gruppeoppgave Gjennomføre et intervju med en ansatt fra bruker organisasjon/ tjenestested <u>BSO104 (Vitenskapsteori, forskningsmetode ,sociologi og psykologi)</u> Vitenskapsteori Forelesning (2X3 t) Introduksjon til forskningsmetode (3t.) Kvalitativ forskning (3t.) Kvantitativ forskning (2X3 t.) Gruppeoppgave/fremlegg Prøveform: skriftlig skoleeksamen</p>
2				<u>Bvp 202:</u>	<u>BSO204</u>

				<p>Forelesning KBP – Forskningsdesign, søkeverksted          Skrivekurs 5 d          Prøveform: To obligatoriske prosjektarbeid (Univ.utf. og søkeverksted)  <u>Bvp 212</u> 15 stp          Forelesninger i kartlegging og observasjon i tilknytning til praksis          Krav om tilstedeværelse  <u>Bvp 221</u>: 15 stp          Forelesning i vitenskapsteori som innledning til sosiologiemnet (3t+3)          Prøveform: Skoleeksamen</p> <p><u>Bvp 232</u>: Nettverkskurs: Forskningssøk som del av arbeidskrav i gruppe 4 timer          Obligatorisk tilstedeværelse</p>	<p>Kunnskapsbasert praksis Forelesning med øvelser (4X2.t)</p>
3	<p>SOS5-310 30 stp</p> <p><b>FELLES for sos, bvp og vpl:</b></p> <p>Forelesning i <b>vitenskapsteori</b> 3 t.          Kunnskapsformer, KBP.</p> <p>Forelesninger i <b>metode</b> 5 t + 2 t seminararbeid.          Forstå statistikk. Statistiske mål. Resultatenes betingelser.</p> <p><b>Litteratursøk</b> seminar 2 t.          Undervisning i <b>oppgaveskriving</b> 10 t.</p> <p>IKKE felles med bvp og vpl (foreløpig):</p>	<p>BVP5-312 30 stp</p> <p>←</p> <p>I tillegg til det som er felles med SOS og VPL:          Arbeidskrav i metode</p>	<p>VPL5-308 30 stp</p> <p>←</p>	<p><u>Bvp 331</u>:          Forelesning Søk 3t          Problemstillingsverksted 1 d          2 ukers forberedelses-program til bachelor-oppgaven:          Prosjektrapport          Essay          Forskningsprosess          Kvalitativ/Kvanitativ          Skrivekurs ,- akademisk skriving          Trinn 5: Kunnskapsbasert praksis          Evaluering av artikler</p>	<p>6. semester: 3 dagers undervisning knyttet til tema, problemstilling, kildebruk og søkestrategier i januar. 2 dagers undervisning medio mars om hvordan skrive bacheloroppgave med fokus på vitenskapsteori, metode, tema og problemstillinger</p>

	<b>Artikkelseminar.</b> 11 t. Noe forelesning, mest gruppearbeid (uavklart fordeling). Forberedelse til bacheloroppgaven. Om å lese, forstå og bruke forskningsartikler. *				
--	---	--	--	--	--

\*Undervisninga i vitenskapsteori og metode har vore fråverande i studiane i 2015 og 2016

## 2. NOKUT-tilsyn

Den overordna tilsynsrapporten for alle BSV-utdanningane i heile landet har eit sterkt fokus på vitenskapsteori og metode som eit gjennomgåande element gjennom heile studieløpet:

*«Alle studieprogrammene har naturlig plassert bacheloroppgaven ved avslutningen av studiet. Ofte er bacheloroppgaven og undervisningen i vitenskapsteori og forskningsmetode knyttet sammen. Men systematisk tilnærming til forskning og utvikling er mer enn en metode for skriving av en bacheloroppgave, det skal også være redskaper for en systematisk tilnærming til praksis. Det er også sentralt at studentene får opplæring i vitenskapsteori og forskningsmetode for at de skal oppnå nødvendig kunnskap for å kunne nyttiggjøre seg den vitenskapelige litteraturen på pensumlistene i løpet av utdanningen. Komiteen etterlyser derfor undervisning i vitenskapsteori og forskningsmetode på et tidligere tidspunkt i flere av utdanningsforløpene.»*

(NOKUT, 2017: Tilsyn med bachelorutdanninger i vernepleie, NOKUT 2017: Tilsyn med bachelorutdanninger i sosialt arbeid, NOKUT 2017: Tilsyn med bachelorutdanninger i barnevern.)

NOKUT-rapportane legg vekt på at vitenskapsteori og metode bør innarbeidast på et tidleg tidspunkt for å legge grunnlag for ei gjennomgåande systematisert arbeidsform i studieførløpa. Dette inneber at studentene skal kunne oppsøkje og ta del i det nasjonale og internasjonale kunnskapstilfanget på sine fagområde både på norsk og engelsk. Krav til vitenskapsteori og metode, skal også nedfellast i

læringsutbyttebeskrivelser i tråd med Nasjonalt Kvalitetsrammeverk. Institusjonane blir i NOKUT-rapportane også oppfordra til å auke andelen tilsette med førstekompetanse, og sikre at studentar på bachelornivå vert gjort kjend med dei tilsette si forskning, og får høve til å ta del i denne forskningsverksemda.

*«Her vil de sakkyndige understreke viktigheten av at de ansatte med høy kompetanse og stor forskningsaktivitet benyttes aktivt i undervisningen, hovedsakelig for å formidle sin egen og andres forskning i undervisningen. Det vises også til vurderingen i p. 2.23 hvor det er konkludert med at innhold av vitenskapsteori og forskningss metode må styrkes.»* (NOKUT 2017: Sakkyndig vurdering av bachelorstudier i barnevern ved Høgskulen på Vestlandet)

Tilsyna frå NOKUT vektlegg også at vitenskapsteori og metode er viktig for å kvalifisere studentane til masterstudier.

I tabellen under viser utvalde tilbakemeldingar frå NOKUT som er relevante i høve til vitenskapsteori og metode:

	BSV-utdanninger SOGNDAL	Sosionomutdanning BERGEN	Vernepleieutdanning BERGEN
Må-punkt	<p>Forsterke innholdet av vitenskapsteori og forskningsmetode i utdanningen</p> <p>Introdusere studentene for vitenskapelig metode, herunder kvantitativ metode, og en forskningsbasert arbeidsmetodikk tidlig i studiet</p>		<p>Foreta en gjennomgang av innhold og opplegg i vitenskapelig metoder for å sikre at både kvalitative og kvantitative metoder er en del av utdanningen</p> <p><i>«Det må komme tydeligere frem gjennom de overordna læringsutbyttebeskrivelsene at kandidaten skal utvikle sin evne til å tenke kritisk, vurdere og anvende forskning.»</i></p>
Bør-punkt	<p>Fortsette interne prosesser og diskusjoner som sikrer utvikling av en forståelse i fagmiljøet av hva som ligger i det å drive forskningsbaserte utdanninger på bachelornivå</p> <p>Øke innslaget av forskningsbasert litteratur i pensum</p> <p>Øke innslaget av internasjonal litteratur i pensumlisten for å styrke den internasjonale forskningstilknytningen</p> <p>Legge til rette for at studentene kan delta i fagmiljøets pågående forskning i større grad enn hva som er tilfellet nå</p>	<p>Forsterke de momentene i utdanningen som omhandler vitenskapsteori og forskningsmetoder</p> <p>Styrke de momentene i utdanningen som berører vitenskapsteori og vitenskapelige metoder</p> <p>påse at samtlige pensumlister oppdateres med internasjonal forskningslitteratur</p>	<p>Kvalitetssikre bachelornivået i utdanningen som en forutsetning for at studentene skal ha tilstrekkelige kunnskaper til å påbegynne en mastergrad</p> <p>Internasjonale vitenskapelige artikler på engelsk</p>

Kva har blitt gjort etter revisjon - endringer	<p>Vitenskapsteori og forskingsmetode er styrka i alle utdanningane både i høve til pensum, undervisnings-innhald og omfang. Allereie frå første emne er dette tema inkludert i læringsutbytte og undervisningsopplegg.</p> <p>SOS5-106: Sosialt arbeid-grunnlagskunnskap (nytt pensum) 6 timar undervisning i vitenskapsteori og metode</p> <p>BVP5-105: 6 timar undervisning i vitenskapsteori og metode, nytt pensum</p> <p>VLP-106: 6 timar undervisning i vitenskapsteori og metode</p> <p>Program i tilknytning til Forskningsdagane (alle utd.)</p> <p>BSV5-301: Tverrprofesjonell samarbeidslæring – prosjektarbeid</p> <p>SOS5-310: Modellar i sosialt arbeid – fordjuping i vitenskapsteori og forskingsmetode (oppgaver, vitenskaplige artikler på engelsk)</p>		<p>-Gjennomgang og revidering av emnebeskrivelser både ifh til sammenheng og NKR-deskriptorene</p> <p>-Gjennomgang av innhold og opplegg i vitenskapelige metoder. Det har nå blitt styrket gjennomgående undervisning i vitenskapsteori, forskingsmetode og KBP i hele utdanningsløpet.</p> <p>Bvp 130: Skrivekurs, prosjektarbeid</p> <p>Bvp 120: Vitenskapsteori inn i psykologi og pedagogikkemnet</p> <p>Bvp 112: Observasjon, intervju</p> <p>Bvp 212: Observasjon, intervju, skrivekurs</p> <p>Søkekurs KBP</p> <p>Bvp 221: Vitenskapsteori som innledning til sosiologi</p> <p>Bvp 302: Prosjektarbeid, problemstillingsverksted</p> <p>Bvp 331: KBP, Utvikling og revidering av to ukers forberedelsesundervisning bachelor</p>
--	--	--	--

Fleire av utdanningane har etter revisjonen fått tilbakemeldingar om at dei i aukande grad oppfyller kriteria i studietilsynsforskrifta. Men i samband med revisjonen, seier NOKUT også at ein ikkje går vidare med ein del av punkta, i påvente av ein ny nasjonal samordning av læringsutbyttebeskrivelsene for BSV-utdanningar.

*«Kunnskapsdepartementet (KD) har varslet at det vil komme endringer i den nasjonale styringen av BSV-utdanningene gjennom ny rammeplan. Rammeplanen vil ha en felles innholdsdel, i tillegg til nye retningslinjer for hver enkelt utdanning. På denne bakgrunn har NOKUT kommet til at det er enkelte må-punkter i denne rapporten som det ikke er nødvendig for institusjonene å forholde seg til. Kunnskapsdepartementet ønsker blant annet en nasjonal samordning av læringsutbyttebeskrivelsene for BSV-utdanningene, og det er derfor lite hensiktsmessig at hver institusjon skal utarbeide nye læringsutbyttebeskrivelser som en del av dette tilsynet. Høgskulen på Vestlandet kan dermed se bort fra må-punktet om endring av overordnede læringsutbyttebeskrivelser.»*

### 3. Overordna føringar og prosessar

I arbeidet med vitenskapsteori og metode i utdanningane har arbeidsgruppa valgt å dra vekslar på følgjande dokument:

- 1) Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring (NKR)
- 2) Forskrift om felles rammeplan for helse og sosialfagutdanningane
- 3) Kunnskap og dannelse for et nytt århundre, - Innstilling frå dannelsesutvalget for høgare utdanning, Juni 2009
- 4) Dannelsesaspekter i utdanning, - Rapport frå arbeidsgruppe nedsatt av UHRs utdanningsutvalg

Arbeidsgruppa har også drøfta fleire overordna prosessar:

- Fleire høgskular som enten er på veg til å bli universitet eller har blitt universitet, har innført eit førebuande ex.phil eller ex.fac-program som førebuande emne for fleire studiar. Desse førebuande emna kan også vera førebuande til BSV-utdanningar tilsvarande til dei me har på våre campus. I desse emna finn ein store innslag av vitenskapsteori og metode.
- Ved NTNU er barnevern og sosialt arbeid bedt om å utarbeide ny studieplan der ein samordnar studietilboda meir. Men NOKUT har etterspurt meir profesjonsspesifikke tilnærmingar i Sogndal. Korleis balansere det generelle og det profesjonsspesifikke? Korleis kan ein unngå å bli for like, men samstundes utnytta fordelane med å samkjøra det som kan vera til felles?
- Nokre signal tyder på at ein går i retning mot å redusere talet på praksisperiodar i studiet og introdusera andre praksisnære læringsformer som også er forskingsbaserte. Kva konsekvenser får dette i høve til å tenka forskingsmetode i studiane?
- Korleis skal ein tolka Kvalifikasjonsrammeverket sine føringar i høve til kva studenten faktisk skal kunne i høve til forskingsmetode og vitenskapsteori?



Desse spørsmåla har ikkje blitt konkretisert i nokre klare svar, men har vore ein del av «bakteppet» i høve til korleis ein skal innlemma vitenskapsteori og metode i studiane.

#### 4. Vitenskapsteori og metode i ny studieplan

I arbeidet med ny studieplan, bør ein leggja vekt på følgjande prinsipp:

- Det skal bli undervist i vitenskapsteori og forskingsmetode gjennom heile studieløpet
- Undervisninga i vitenskapsteori og forskingsmetode skal vera tverrfagleg og vere integrert i undervisninga i ulike fagområder og disiplinær.
- Dannelse vert framheva og inkludert som ein sentral del av utdanninga
- Undervisninga i vitenskapsteori og metode skal gje kompetanse, kunnskap og ferdigheiter både som grunnlag for master, som grunnlag for ein forskingsbasert praksis og som grunnlag for danning
- For å legge til rette for eit meir eksplisitt fokus på verdien av danning og vitenskapsteoretiske spørsmål kan vi vurdere å innføre ei eigen nemning på dette fagområde, til dømes *Vitenskap og danning (Vida)*. Under dette fagområdet vil andre undervisningstema som etikk og filosofi også vere aktuelle.
- Innarbeiding av lærings og arbeidsformer som fremmer refleksjon
- Utvikling av meta-nivået i høve til praksis med vekt på å fremme kritisk refleksjon
- Koble det generelle og det profesjonsspesifikke gjennom å etablere klare samanhengar og koble det til praksisnære eksempel
- Auke mengda vitenskaplege artiklar
- Auke mengda internasjonale artiklar på engelsk
- Legge til rette for å delta i forskning som går føre seg i fagmiljøa

Arbeidsgruppa har valgt å sjå arbeidet med å utvikle ny felles studieplan langs tre langsgåande pillarar. Alle tre pillarane handlar om utdanningane sine mål eller deira funksjon, og har mykje å sei i høve til korleis ein ser på vitenskapsteori og forskningsmetode i løpet av studiane. Dei tre pillarane framgår av tabellen under:

- 1) **Forskningsmetode og vitenskapsteori i bachelorutdanningane som grunnlag for Masterutdanning**
- 2) **Forskningsmetode og vitenskapsteori som ein danningssprosess med utgangspunkt i bevissthet, modning og kritisk refleksjon**
- 3) **Forskningsmetode og vitenskapsteori i studiane som grunnlag for ei gjennomgåande systematisert arbeidsform med fokus på forskingsbasert kunnskap**

Desse tre pillarane overlappar og er ikkje gjensidig utelukkande. Dei utgjer tre viktige fokus til dei same spørsmåla, og har vore nyttig for arbeidsgruppa i å strukturera tankar, innlemma ulike perspektiv og innarbeide ei heilskapleg forståing i høve til vitenskapsteori og metode sin plass og funksjon i BSV-utdanningane. Omsynet til alle tre pillarane bør ha like stor vekt når ein planlegg ny studieplan.

### 1) Vitenskapsteori og metode som grunnlag for Masterutdanning

NOKUT-rapportane slår i stor grad fast at kunnskapsnivået i vitenskapsteori og forskningsmetode på bachelor ligg for lågt, i høve til å kvalifisere for master. Det låge nivået kjem til uttrykk i manglande læringsutbytte, fråver av konkrete metodekunnskapar, begrensa innslag av vitenskaplege artiklar, og evne til å kunne vurdere forskning.

Bachelorutdanningane kan seiast å ha to mål – dei skal utdanne for praksis og de skal utdanne for master. Å kvalifisere for master betyr at våre bachelorstudier blant anna skal gje studentane eit kunnskapsgrunnlag i forskningsmetode og vitenskapsteori. Vi må derfor diskutera kva kunnskapar og ferdigheiter studentane skal tileigne seg og korleis vi som institusjon kan byggje opp eit kunnskapsgrunnlag i forskningsmetode og vitenskapsteori.

Ei utfordring for bachelorutdanningane er å formidla til studentane eit syn på kunnskap som går utover det å skrive oppgaver og gå akademiske løp. Bachelorstudentene må både forstå at det finst ulike kunnskapssyn som har avgjerende betydning for praksis, forvaltning, tiltak, problemdefinering osv. Type kunnskapssyn har konsekvensar for kva som blir oppfatta som sant/ikkje sant, problem/ikkje problem og er ein politisk kraft som påvirkar prioriteringar og verdier. Vidare må studentane utvikle både kritisk innsikt og kritisk distanse slik at dei både kan forstå sitt eige kunnskapsfelt og plassera det i forhold til andre kunnskapsfelt.

Dei to masterutdanningene ved vårt institutt har ulike opplegg og omfang i vitenskapsteori og metode. Undervisningsansvarlege og tidlegare undervisningsansvarlege på begge masterane gjev uttrykk for at studentene generelt sett ikkje er godt nok «skodd» i vitenskapsteori og metode når dei startar masterløpa, og ikkje minst at koplinga mellom vitenskapsteori og metode er altfor dårlig. Det er erfaringsmessig få studentar som går direkte frå våre bachelorutdanningar til våre masterutdanningar. Også er det ein god del av dei som går på master som har bachelorutdanning som ligg mange år tilbake, og derfor ikkje er oppdatert på krava i vitenskapsteori og metode slik det er pr. dags dato i begge utdanningane. Eit generelt inntrykk er likevel at dei som kjem inn på master er noko betre «skodd» i metode enn i vitenskapsteori. De har for så vidt lest pensum, men dei ikkje forstår relevansen og anvendinga av denne kunnskapen. Det er som om studentane manglar ei forståing for kva ein skal med vitenskapsteori i utdanninga. Dei har også i veldig liten grad forståing for at det kunnskapssyn ein baserer seg på, skal ha klare konsekvensar for valg av metode. Det handlar her om å kople sammen læra om kva som finnes i verda og korleis skaffer ein seg kunnskap om kva som finst. Det viser seg også å være behov for å forenkla og trekkje spørsmål om vitenskap og forskning opp mot dagsaktuelle problemstillingar.

Det kan synast som om studentane er «redde» for vitenskapsteori og metode. Sjølv om det ikke gjeld for alle er det generelle inntrykket at de fleste kan for lite, de synes kvantitativ metode er særlig skremmande noko som også kjem til uttrykk i at dei fleste vel ulike kvalitative metodar i sine masteroppgaver. Dette indikerer at det står for dårlig til med den kvantitative kunnskapen. På same måte som for vitenskapsteori er det behov for å forenkla ned nokre hakk og bruka konkrete illustrasjonar og eksempel. Vi må forvente at bachelorstudentene som starter et masterforløp kan det som er «mainstream». Kanskje noko av det mest frustrerende er at studentene ikkje skjønner kva ein problemstilling er, eller at dei ikkje skjønner tydinga av elementære metodiske omgrep.

## 2) Forskingsmetode og vitenskapsteori som del av ein danningsspross med utgangspunkt i bevissthet, modning og kritisk refleksjon

Det har vært eit aukande fokus på danning i høgare utdanning dei seinare åra, med utgangspunkt i Innstillinga frå Dannelsesutvalget for høgare utdanning frå 2009: *Kunnskap og dannelse for et nytt århundre*. (Kunnskapsdepartementet, 2009) Dette er et breidt og filosofisk dokument, som hentar inspirasjon frå ei rekke amerikanske lærestader, der ein har hatt ein debatt om korleis universiteta kan tilpassa seg hurtige og komplekse samfunnsendringar, og skolera studentar til å forstå korleis deira fagområder er del av ein større samansett verkelegheit. I innledninga siterer dei eit nytt revidert introduserande program ved Harvard University som har følgjande mål for studentane: (formulert på norsk i Innstillingsdokumentet)

- *Å lære å se seg selv som produkter og deltakere i brede tradisjoner av kunst, ideer og verdier*
- *Å lære studentene å forholde seg kritisk til denne arven og til endringer i sin alminnelighet*
- *Å bibringe dem en forståelse av de etiske dimensjoner ved det de gjør*
- *Å forberede studentene til deltakelse i offentligheten*

Kunnskapsdepartementet, 2009; Innstillingsdokument, s.9

Dannelsesutvalget reiste ein viktig debatt knytta til kva slags kunnskap som blir krevd i framtidens samfunn, og kva slags ballast og almenndanning som krevs for å forstå prosessar som skjer i verda og i samfunnet, og for å kunne fungere som opplyste, kritiske og sjølstendige demokratiske borgarar.

Universitets og Høgskolerådet fulgte opp Dannelsesutvalget sin innstilling med å sette ned et utvalg som skulle sjå på danning i høgare utdanning frå ein meir praktisk ståstad om korleis idealet om danning faktisk kan nedfellast konkret i høve til institusjonane sine program og utdanningane sine læringsutbyttebeskrivelsar. I introduksjonen seier dei;

*«Dannelsesutvalget gikk i gang med sitt arbeid på eget initiativ, og ikke fra myndighetene eller fra sektoren som sådan. Utvalget har utvilsomt tatt ansvar for å løfte fram et viktig samfunnsanliggende og introdusert en betimelig diskusjon. Ved å stille gode spørsmål i tiknytning til prosesser som har pågått i høyere utdanning, har utvalget bidratt til å skape bevissthet omkring den siden ved utdanning som gjelder hensynet til hele mennesket og til et læringsutbytte som ikke er redusert til innlæring, men som er anvendbart i et helhetlig samfunnsperspektiv.*

Universitets og Høgskolerådet, 2011 s. 12

Universitets og Høgskolerådet sin rapport definerer danning som eit integrerande og dynamisk begrep, som ein kan tilnærma seg til på mange måtar. Dei tek utgangspunkt i sju dannelseskategorier;

- 1) Almenndanning
- 2) Kulturell danning
- 3) Akademisk danning
- 4) Profesjonsdanning
- 5) Etisk danning
- 6) Demokratisk danning
- 7) Digital danning

Rapporten går gjennom omgrepa og det kan synast som at almenndanning, kulturell danning, profesjonsdanning, etisk danning har vore sterkt til stades i profesjonsutdanningane heile tida, men at det er sambandet mellom akademisk danning og digital danning som no både gjev muligheter og utfordringar i forhold til vår sektor:

*«Akademisk sett handler digital danning om å benytte digitale kilder og hjelpemidler i pakt med med almenne regler for vitenskaplighet; kritisk dømmekraft, etterrettlighet og etterprøvbarehet. Å være akademisk dannet i den digitale virkeligheten er å kunne forholde seg kritisk på samme måte som i forhold til andre medier og annen informasjon. En ny utfordring både akademisk og i andre sammenhenger er å måtte orientere seg i eit tilnærma uendeleg mangfold av informasjon.»*

Universitets og Høgskolerådet, 2011 s: 22

Arbeidsgruppa ser det som relevant å sjå vitenskapsteori og forskningsmetode som viktige fag å i høve til studentane sin danningsspross. Fokus på kritisk refleksjon over ulike kunnskapskjelder og korleis kunnskapssyn, verdiar og haldningar verkar inn på profesjonell praksis og forskingsaktivitetar, bør vere eit mål for utdanningsløpet.

Oversiktstabellen under viser korleis danningselementet kan takast inn i studieløpet dei tre åra. (dømet er henta frå sosialt arbeid)

	Kunnskaper	Ferdigheter	Generell kompetanse
1	<p>Studenten:</p> <p>Kan gjere greie for omgrepa danning, kunnskap, vitskap og forskingsmetode</p> <p>Har kunnskap om ulike perspektiv på danning, vitskap og kunnskap</p> <p>Kan gjere greie for noko av mangfaldet av perspektiv og disiplinar som sosialt arbeid bygger på/Har kunnskap om hovudtrekk i sosialfagleg idéhistorie og i ulike sosialfaglege perspektiv</p> <p>Har kunnskap om yrkesetikk og yrkesetiske utfordringar innan sosialfagleg praksis.</p> <p>Kan skildre hovudtrekk innanfor samfunnsvitskapleg forskingsmetode</p>	<p>Kan uttrykke og reflektere over eigne haldningar og handlingar og kva konsekvensar dei har for andre</p> <p>Kan munnleg og skriftleg legge fram faglitteratur for andre</p>	<p>Kan uttrykke og reflektere over korleis eigne forståingar og handlemåtar innverkar på profesjonell praksis</p>
2		<p>Kan kritisk reflektere over eigen yrkeserfaring og yrkespraksis</p> <p>Kan diskutere eigen yrkespraksis i eit teoretisk perspektiv</p> <p>Kan reflektere over eigen fagleg yrkesutøving og justere denne under rettleiing</p>	
3	<p>Kjenner til eit mangfald av kunnskapstradisjonar</p> <p>Kjenner til forskings- og utviklingsarbeid innfor sosialt arbeid</p>	<p>Kan reflektere over kva ulike vitskaplege disiplinar kan gje og ikkje gje av innsikt</p> <p>Kan finne, vurdere og referere til relevant forskning</p> <p>Kan kritisk analysere over vitskaplege kunnskapstilbod</p>	<p>Har ein refleksiv haldning til kunnskap og profesjonell praksis.</p> <p>Har eit medvite og reflektert forhold til eigen fagkompetanse</p>

	<p>Kan oppdatere sin kunnskap innfor relevante fagområde</p> <p>Har kunnskap om relevante diskusjonar innan vitenskapsteori og kunnskapsutvikling</p> <p>Har kunnskap om relevante diskusjonar om profesjonar og samfunn</p>	<p>Kan nytte vitenskapsteoretisk og metodisk kunnskap i utforminga av bacheloroppgåve/eller meir generelt: Kan nytte vitenskapsteoretisk og metodisk kunnskap til å drøfte sosialfaglege problemstillingar</p> <p>Har ferdigheiter i akademisk skriving/Kan utøve akademisk skriving</p>	
--	--	--	--

### 3) Forskningsmetode og vitenskapsteori i studiane som grunnlag for ei gjennomgåande systematisert arbeidsform med fokus på forskingsbasert kunnskap

NOKUT-rapportane både nasjonalt og lokalt etterspør forskingsmetode og vitenskapsteori, og knyttar dette til innarbeiding av ei gjennomgåande systematisert arbeidsform. Ein kan anta at systematisk arbeidsform både kan handle om om å synleggjera vitenskapsteori og metode i læringsutbyttebeskrivelsane, (mål for dei tilsette sitt pedagogiske arbeid) samstundes som det også handlar om at studentane skal læra seg ei systematisk tilnærming til eiga læring. Denne «systematikken» kan tenkast å førebu både til praktisk yrkesutøving gjennom å sette seg inn i aktuell forskning og begrunna sine yrkeshandlingar, men også å bevisstgjera korleis ein samlar inn og analyserer fagstoff på ein akademisk måte.

I generell innhaldsdel i rammeplan for helse og sosialfaglige utdanningar framgår følgjande:

*«Studiet av dette emnet skal bidra til erkjennelse av vitenskapens betydning for generell fagkunnskap ved å gi eksempler på vitenskapsteoriens relevans for helse og sosialfagenes fagområder. I utdanningen bør det legges vekt på forståelse av brukeren og dennes situasjon samt kunnskap om ulike problemløsningsstrategier. Studentene skal oppøve evnen til å tolke situasjoner og se seg selv som deltakere i denne prosessen.*

(Rammeplan for sosionomutdanning 2005 generell del S 9-10)

Ei systematisert arbeidsform kan innarbeidast i studiane på følgjande måtar:

- Studentane får introduksjon til metode og vitenskapsteori tidleg i studiet
- Studentane møter krav om ferdigheiter i digitale søk etter forskningslitteratur som del av ein gjennomgåande progresjon gjennom studiet
- Studentane må ha et metodeavsnitt i prosjektoppgaver/ oppgaver der det er relevant. Slik som t.d. å beskrive framgangsmåte i forhold til søk av litteratur, evt også intervju av personar i feltet og korleis intervju blir brukt i oppgaver
- Studentane må ta del i studentaktive læringsformer som fremjar evne til å tileigne seg kunnskap gjennom ulike typer kjelder
- Studentane må få trening i refleksjon om korleis eige kunnskapssyn og normer påverkar eins eigen praksisutøving

	Kunnskaper	Ferdigheter	Generell kompetanse
1	Har kunnskap om vitenskapsteoretiske posisjonar og tydinga desse har for korleis kunnskap vert utvikla og forstått		Kan reflektera kritisk over begrensningar i vitenskapeleg kunnskap i møte med praksis
	Har kunnskap om faget si historie og utvikling, faget si vitenskapshistoriske posisjon og profesjonane sitt samfunnsansvar		
	Har kunnskap om samfunnsvitenskapelege metodar og deira mogelegheiter og begrensningar		
2	Kan gjera greie for sentrale vitenskaps-teoretiske retningar, samt for kjenneteikn ved forskning og vitenskapeleg kunnskap	Kan reflektera over korleis eigne kunnskapssyn og normer kan påvirka eins eigen praksisutøving	
3	Kan gjera greie for korleis metodar for innsamling og analyse av data/ forskningsutvalg, samt gjera greie for viktige tema knytta til utarbeiding og kvalitetsvurdering av forskningsprosjekt	Kan planlegga og gjennomføra eit mindre forskningsarbeid Kan gjera greie for metodisk framgangsmåte ved søk av litteratur og vurdere kritisk korleis feltarbeid og/eller intervju er anvendt i oppgaver	Kan anvende grunnleggjende kunnskap i vitenskapsteori og metode både i utøvelsen av eget arbeid og i vurderingen av andres

## 5. Vitenskapsteori og metode som gjennomgående tema i studieprogresjonen

Arbeidsgruppa framhever at vitenskapsteori og metode må gå som ein raud tråd gjennom studiet. Noko av innhaldet i desse emna vil vera felles for alle utdanningane, som t.d. menneskesyn, etikk, typer vitenskapar, osb. Men utdanningane har forskjellig historie, og har ulik vektlegging av dei ulike teoretiske fundamenta som ofte inngår i vitenskapsteori. Dei vil kanskje også gjera bruk av forskning på ulike måtar, bruka eksempel frå sine fagfelt, og bruka ulike måtar for t.d. å samle inn og analysere data.

I oppsettet under ligg eit forslag til å skilje mellom generelle delar som kan vere felles for fleire utdanningar, og delar som kan vere profesjonsspesifikke. Dette treng ikkje innebera fellesundervisning, men det gjer samarbeid på tvers mogleg. Å foreslå ein generell bolk som kan vera felles for alle utdanningane på instituttet i første studieår, kan imøtekomma ei utvikling der institusjonane i sterkare grad blir pålagt å utvikle felles studieførebuande program som liknar på ex.phil./ex.fac. Sjølv om ein slik generell del kan muleggjere samarbeid på tvers, med t.d. utvikling av digitale læringsressursar, vil arbeidsgruppa påpeke at det er avgjerande at fag som vitenskapsteori og metode som vanlegvis framstår som diffuse og abstrakte, blir trekte inn i praksisnære samanhengar slik at studentane kan forstå, og sjå at dei er relevante. Det er derfor ein føresetnad at det generelle og det profesjonsspesifikke blir sydd saman på ein slik måte at dei utgjer ein tydeleg samheng eller heilskap. Det er også ein føresetnad at ein arbeider med den pedagogiske tilrettelegginga av desse temaene, slik at dei blir ein del av danninga som beskreve ovanfor.

Som eit utgangspunkt for progresjon i vitenskapsteori og forskingsmetode kan ein tenke seg følgjande struktur:

<p>1. <b>studieår</b>- med hovudfokus på grunnleggande innføring og pilar 2 (danning) og 3 (arbeidsform)</p>	<p>2. <b>studieår</b> – med fokus på pilar 2 og 3</p>	<p>3. <b>studieår</b> – med hovudfokus på pilar 3 (forskning og akademisk skriving) – men der pilar 1 og 2 blir drege inn i profesjonsspesifikke emne der det å opparbeide ei kritisk haldning til eigen profesjonsutøving og kunnskapsbruk er tema</p>
--	---	---



Generelt emne i vitenskapsteori og metode som er felles for alle utdanningane/like læringsutbyttebeskrivelsar	Profesjonsperspektiv på vitenskapsteori og metode	Generelt felles emne/delemne i vitenskapsteori og metode for alle utdanningane med like læringsutbyttebeskrivelsar
Profesjonsspesifikt emne som bygger på generell del og anvender det på profesjonsspesifikt innhald og eksempler		T.d. Introduksjon til bachelor Profesjonsvise organiseringar av sjølve bacheloremnet

Utanom oppsettet som er presentert ovanfor, meiner arbeidsgruppa at det også er naudsynt at vitenskapsteori og metode blir integrert i nesten alle emne, gjennom å synleggjere ulike typar kunnskapsgrunnlag, og konsekvensane av desse i korleis ein forstår og utøver fag. Denne integrasjonen av desse emna gjennom heile studiet, må tydeleggjerast i læringsutbyttebeskrivelsane, slik at ein i samband med revisjon, kan synleggjera at det ligg ein raud tråd og ein klar samanheng, både fagleg og pedagogisk knytt til desse emna. Gruppa har ikkje drøfta korleis vitenskapsteori og metode kan prøvast ut i høve til ulike eksamensformer. Pr. i dag har utdanningane ulike former for eksamenar, prosjektarbeid og arbeidskrav, der krava til vitenskapsteori og metode er tydeleggjort i varierende grad. I vernepleie Bergen, har ein prøvd å ha vitenskapsteori som ein introduksjon til ulike disiplin fag som psykologi, pedagogikk og sosiologi. I andre utdanningar er disiplin faga meir integrert i fagspesifikk område, som sosialt arbeid og barnevern, og då vil det vera eit klart behov for tydeleggjering slik som også NOKUT påpeker.

Som eit utgangspunkt vil arbeidsgruppa foreslå eit oppsett av vitenskapsteori og metode gjennom tre år som ser slik ut:

	<b>Forskningsmetode og vitenskapsteori</b>	<b>Vitenskapsteori</b>	<b>Forskningsmetode</b>
1.studieår	Generell introduksjonsbolk felles for alle BSV-utdanningane i vitenskapsteori og metode med same læringsutbytte for alle	Grunnleggjande teoretiske, omgrep perspektiv, modellar, menneskesyn, etikk m.m. knytta til konteksten Helse og Sosialfag  Om kva kunnskap er: Kunnskapstypar/syn. Vitenskapeleg kunnskap vs. kvardagskunnskap. Om forskningsbasert kunnskap vs. Erfaringsbasert kunnskap	Introduksjon til søk av litteratur  Introduksjon til vitenskapeleg arbeidsmåte  Skiljet mellom kvantitativ og kvalitativ metode

		<p>Kunnskapsposisjonar          Subjekt/objekt/intersubjektivitet</p> <p>Positivisme og hermeneutikk</p>	
	<p>Profesjonsspesifikk del med fokuserte område innanfor vitenskapsteori og metode som byggjer på den generelle introduksjonsbolken</p>	<p>Fokus på faget eller utdanninga si historie i ein idehistorisk kontekst,</p> <p>Fokus på sambandet mellom paradigmer, perspektiver i faget og utviklinga av praksis/utøving av faget</p> <p>Fremtredande teoretiske fundament innanfor den enkelte utdanning (eks. Modellar i sosialt arbeid)</p>	<p>Gjennomgå eksempel på framtreddande forskning som illustrerer metodiske og teoretiske sider ved fagområdet</p> <p>Arbeidskrav i tilknytning til undervisning som gruppeoppgave (1-2dager)</p> <p>Introduksjon til søk av litteratur</p> <p>Enkelt skrivekurs</p>
2. studieår	<p>Forskningsmetode og vitenskapsteori knytta opp mot utøving av praksis</p> <p>Profesjonsspesifikk</p>	<p>Framtredande teoretiske fundament i forhold til for eksempel observasjon, intervju subjekt/objekt, relasjonsorientering, persepsjon, attribusjon, m.m.</p> <p>Refleksjon før praksis og refleksjon med utgangspunkt i erfaringar i etterkant av praksis om kunnskap og kunnskapsformer slik som taus kunnskap / normative posisjoner</p>	<p>Vidare med litteratursøk</p> <p>Ulike former for innsamling av data;</p> <p>Observasjon/kartlegging, Intervju, Dokumentanalyse</p> <p>Leggja opp til at studentane må ha eit metodeavsnitt i relevante prosjektoppgaver/praksisoppgaver/oppgaver generelt. Døme:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- beskriva framgangsmåte i forhold til søk av litteratur, bruk av forskning før praksis</li> <li>- Gjera greie for intervju av personar i feltet og korleis intervju blir brukt i oppgava.</li> </ul>

			<p>Forslag: Kan bruke verktøy av typen <i>Sjekkliste for å vurdere kvalitativ forskning</i> og <i>Søke etter kvalitativ forskning</i>.</p> <p>Dette kan handla både om ev. egen praksis og om å vurdere f.eks. forskningsartikler – dette verktøyet kan altså brukes uansett om man har praksis 2. året eller ikke (tidspunktene for praksis skal vel samkjøres mer på sikt)</p>
3. studieår	<p>Generell bolk</p> <p>Forskningsmetode og vitenskapsteori knytta opp mot skriving av bacheloroppgave</p>	<p>Utanfrå-innanifrå perspektiv</p> <p>Grunnleggjande om korleis verdiar og kunnskap har betydning for praksis, forvaltning, tiltak, problemdefinering osv.</p> <p>Samanheng mellom eksisterande verdier/kunnskap og forskningsresultat</p>	<p>Kva er ei problemstilling?</p> <p>Frå tema til problemstilling?</p> <p>Avhengig og uavhengig variabel</p> <p>Forskningsprosessen Problemstilling, design, ulike former for datainnsamling, tolkning, analyse</p> <p>Forskningsetikk</p>
	Profesjonsspesifikk del som byggjer på den generelle bolken	Utvikling av kritisk refleksjon	<p>Kritisk vurdering av artiklar innanfor eige fagfelt</p> <p>Teori, empiri, drøfting</p>

Utanom oppsettet som er presentert ovanfor, meiner arbeidsgruppa at det er naudsynt at vitenskapsteori og metode blir integrert i nesten alle emne, gjennom å synleggjere ulike typar kunnskapsgrunnlag, og konsekvensane av desse i korleis ein forstår og utøver fag. Denne integrasjonen av desse emna gjennom heile studiet, må tydeleggjerast i læringsutbyttebeskrivelsane, slik at ein i samband med revisjon, kan synleggjera at det ligg ein raud tråd og ein klar samanheng, både fagleg og pedagogisk knytt til desse emna. Gruppa har ikkje drøfta korleis vitenskapsteori og metode kan prøvast ut i høve til ulike eksamensformer. Pr. i dag har utdanningane ulike former for eksamenar, prosjektarbeid og arbeidskrav, der

krava til vitenskapsteori og metode er tydeleggjort i varierende grad. I vernepleie Bergen, har ein prøvd å ha vitenskapsteori som ein introduksjon til ulike disiplin fag som psykologi, pedagogikk og sosiologi. I andre utdanningar er ein disiplin faga ein meir integrert i fagspesifikk område, som sosialt arbeid og barnevern, og då vil det vera eit klart behov for tydeleggjering slik som også NOKUT påpeker.

## 6. Involvere studentane i forskning

Ein har ikkje så mykje erfaring med dette i utdanningane. På vernepleie Bergen har ein i fleire år hatt prosjektet Relasjonell tilnærming, der studentane som har vore del av prosjektet har teke del i dei ansatte si forskning, gjennom refleksjon av intervjudata. Dette studieåret er studentar både frå sosionom og vernepleie, Bergen rekruttert til å delta i END-prosjektet, saman med forskargruppa i dette prosjektet.

Vernepleiarstudentari Bergen har også blitt rekruttert inn i Stipendiat Thomas Owrens prosjekt om Personar med utviklingshemming i ordinært arbeidsliv. Ved sosionomutdanninga Bergen, har enkelte studenter vært involvert i eit utvikling /forskningsprosjekt i tilknytning til ei barneverntjeneste i Bergen Kommune. Studentane har gjennomført dokumentanalyse av journalnotat og delteke på planlegging og gjennomføring av fokusgruppeintervju. Erfaringane frå dette prosjektet peikar på at studentar på bachelornivå treng både opplæring, men også mykje støtte og oppfølging i gjennomføring av et slikt prosjekt. I Sogndal har ein drøfta korleis ein skal få til studentinvolvering i forskning, men ein har ikkje så mange erfaringar. Arbeidsgruppa har ikkje drøfta dette inngående, men vil oppfordra til at dei ulike etiske og formelle sidene rundt det blir tilstrekkeleg belyst.

## 7. Tilrådingar

Arbeidsgruppa har hatt kort tidsfrist, og i løpet av prosjektperioden har medlemmene vore svært opptekne, slik at rapporten er ikkje bearbeida så grundig innan gruppa som ein kanskje skulle ønske. Med utgangspunkt i dette, vil ein tilrå at nokon av dei elementa som kjem fram i denne rapporten, blir fylgt opp vidare.

- For å sikre seg sambandet mellom bachelornivået og master, kan det vera viktig at tilsette som har vitenskapsteori og metode på dei to nivåa, etablerer eit samarbeid for å konkretisere forventningar og læringsmål
- For å heve kvaliteten på undervisninga i vitenskapsteori og metode 1. studieår, er det ein viktig føresetnad å sjå på pedagogisk tilrettelegging gjennom læringsressursar og studentaktive læringsformer
- For å styrke sambandet mellom teoretisk undervisning og praksis, vil det vera viktig å gjera teoriundervisninga meir praktisk forankra, og kanskje praksis sterkare begrunna og forskningsbasert

- Etablere eit medvete fokus på danning gjennom å innarbeide danningperspektivet i dei tilsette sin kompetanse
- Leggja til rette for at innhaldet i denne rapporten blir teken vidare av dei som har undervisningsansvar i utdanningane

### **Kjelder:**

NOKUT (2017) *Tilsyn med bachelorutdanningar i vernepleie*

NOKUT (2017) *Tilsyn med bachelorutdanningar i barnevern*

NOKUT (2017) *Tilsyn med bachelorutdanningar i sosialt arbeid*

Dannelsesutvalget (2009) *Kunnskap og danninge foran et nytt århundre* – Innstilling

Henta frå: <http://www.uib.no/filearchive/innstilling-dannelsesutvalget.pdf>

Universitet og Høgskolerådet (2011) *Dannelsesaspekter i utdanning* – Rapport frå arbeidsgruppe nedsatt av UHR's utdanningsutvalg

Henta frå: <http://www.uhr.no/documents/DannelseRapportEndelig.pdf>

Kunnskapsdepartementet (2014) *Kvalifikasjonsrammeverket for høgere utdanning*. Oslo: Kunnskapsdepartementet

Henta frå: <https://www.regjeringen.no/contentassets/e579f913fa1d45c2bf2219afc726670b/nkr.pdf>

Lovdata: *Forskrift om felles rammeplan for Helse og Sosialfagutdanningar*

Henta frå: <https://www.regjeringen.no/contentassets/32eda0b38b8349e39e8ca18667b19890/forskrift-om-felles-rammeplan-for-helse--og-sosialfagutdanningar.pdf>

Kunnskapsdepartementet: (2016-2017) *Kultur for kvalitet i høgere utdanning*, Meld.St. 16

Henta frå: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-16-20162017/id2536007/sec1>

